



Framlegg til
Årsplan
for
**SANDNES
BARNEHAGE**
2023-2024



Vedteken i SU dato

Velkommen til barnehageåret 2023/2024

Eit heilt nytt og ubrukt barnehageår ligg framfor oss og vi ser fram til eit nytt og spennande år med fokus på læring, samspel og meistring.

Årsplanen byggjer på Rammeplanen som er ei forskrift til barnehagelova. Lova fastset overordna føresegner om føremålet og innhaldet i barnehagen. Rammeplanen gjev retningslinjer for verdigrunnlaget, innhaldet og oppgåvene til barnehagen. Alle barnehagar er pålagt å lage ein årsplan som skal innehalde pedagogiske mål og informasjon. Les meir på www.regjeringen.no

Årsplanen er:

- Eit arbeidsreiskap for personalet
- Informasjon til foreldre
- Eit viktig bindeledd mellom barnehage og samfunn.

Mål: Alle som les årsplanen vår skal få eit inntrykk av det pedagogiske arbeidet vårt og kva tilbod vi gjev til barn og foreldre.



Innholdsliste

s. 2	Velkommen
s. 3	Innholdsliste
s. 4	Barnehagen sitt føremål og samfunnsmandat
s. 5	Litt om barnehagen vår
s. 6	Mål og visjon
s. 7	Personalet i Sandnes barnehage
s. 8	Praktisk informasjon
s. 10	Trafikksikker kommune
s. 11	Foreldresamarbeid
s. 13	FAU og SU
s. 14	Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som treng ekstra støtte
s. 15	DUÅ – «De utrolige årene»
s. 18	Barnehagen som pedagogisk verksemd
s. 19	Planlegging
s. 20	Vurdering
s. 21	Plan for vurdering
s. 22	Dokumentasjon
s. 23	Progresjon

s. 24	Satsingsområde 2022-2024 REKOMP
	Slik jobbar vi med:
s. 25	Danning gjennom omsorg, leik og læring
s. 27	Livsmeistring og helse
s. 28	Barnehagen si digitale praksis
s. 29	Barnas medverknad
s. 30	Språkarbeid i barnehagen
s. 31	Sosial kompetanse i barnehagen
s. 33	Overgangar
s. 35	Plan for overgang barnehage/skule
s. 36	Samarbeid med andre instansar
s. 38	Sandnes barnehage som kulturarena
s. 39-42	Årshjul og viktige datoar gjennom barnehageåret 2022/2023



Barnehagen sitt føremål og samfunnsmandat

Lov om barnehagar §1, Formål

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.



Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»



Barnehagen er ei pedagogisk verksemd og har ei viktig rolle som oppvekst og læringsområde for born i førskulealder. Alt arbeid i barnehagen skal skje i nær forståing og samarbeid med heimen.

Litt om barnehagen vår

Sandnes barnehage ligg på Masfjordnes og er eigd av Masfjorden kommune.



I Sandnes barnehage har vi 3 avdelingar med til saman 44 plassar for barn i alderen 0-6 år. Avdelingane våre er tilrettelagt med inndeling for ulike typar leik, noko som gjev høve til organisering av små leikegrupper.

Masfjorden kommune har to barnehageopptak i året med oppstart 15.august og 1.januar.

Søknadsfristane er 1.mars og 1.oktober.

Barnehagen er nabo med Sandnes skule og vi ynskjer at samarbeidet mellom barnehagen og skulen skal vera eit positivt tilskot til oppvekstmiljøet vi tilbyr barna. Målet er at samarbeidet skal bidra til ei mjuk og smidig overgang frå barnehagen til skulen når den tid kjem

Uteområdet vårt er stort, tilrettelagt for ulike typar leik, og med utfordringar for alle aldersgrupper. Miljøet rundt barnehagen er lite og oversiktleg. Born og vaksne som bur i nærområdet møttest ofte i ulike samanhengar.

I nærområdet er det fine turområder som vi nyttar. T.d. har vi Flata som dei eldste barna besøker jamleg. Her møter vi ofte på elevar frå småtrinnet på skulen. Men også resten av området rundt Prestegardsneset vert besøkt av barnehagen, og saman med andre småturar i nærmiljøet har vi fleire flotte turområder vi nyttar oss av.

Mål og visjon

MÅL

Sandnes barnehage har tre hovudmål som vi byggjer den pedagogiske drifta vår på. Desse måla ligg til grunn for alt arbeidet vi gjer i barnehagen.

1. At borna er trygge og trivst
2. At borna lukkast i sosial samspel på tvers av alder
3. At borna får ei oppleving av at omsorg, leik og læring går hand i hand



VISJON

Visjonen vår er det vi skal strekkje oss mot, og det som skal vera hovudfokuset for vårt arbeid i barnehagen. Med dette meiner vi at uavhengig av kva vi har planlagt, eller kva vi legg til rette for i leik, er det alltid med denne visjonen i fokus:

Ein barnehage vi er stolte av


Alle, både store og små,
skal trivast i barnehagen.

Dei vaksne skal sjå kvart einskild barn,
og gje dei gode mogelegheiter
for å utvikle seg positivt.

Barna skal føle at me har TID til dei,
og at dei vert tekne på alvor.

Vi ynskjer at barnehagen skal vera eit positivt
samlingspunkt i nærmiljøet.

Personalet i Sandnes barnehage pr. 15.august 2023



Avdeling	Namn	Stilling
Nordavind	Annbjørg Ynnesdal Lene Kvinge Tvedt Katarina Horgen Kvinge Benedicte Hjelmeland	Pedagogisk leiar 100% Barnehagelærer 60% Fagarbeidar 60%
Blesten	Rannveig Kleiveland Stusdal Line Bauge Cherry Torsvik	Pedagogisk leiar 100% Assistent 100% Assistent 100%
Sønnavind	Katarzyna Ziolkowska Thea Ovidia Kvamsdal Håvåg Anne Lise Tepstad Kvingedal	Konstituert ped.leiar 100% til aug. 24 Barne- og ungdomsarbeidar 100% Assistent 100%
	Åshild Skuggedal	Styrar

Praktisk informasjon

Opningstider:

Barnehagen er open alle kvardagar frå kl. 07.15 – 16.30, med unntak av barnehagen sine planleggingsdagar.

Onsdag før skjærtorsdag stengjer vi kl. 12.00

Opphaldstid pr. dag er 9 timar og 15 minutt

Planleggingsdagar 2023- 2024:

15. og 16. august 2023

3. november 2023

2. februar 2024

10. mai 2024

Første ordinære dag i det nye barnehageåret er **onsdag 17.august-23.**

Telefonnummer i barnehagen

Hovudnummer: 56166100

Styrarkontor: 56166101

Nordavind: tlf. 40924797

Blesten: tlf. 40924794

Sønnavind: tlf. 40924795



E-postadressa til barnehagen

sandnes.BH@masfjorden.kommune.no

E-postadressa til styrar

ashild.skuggedal@masfjorden.kommune.no

Praktisk informasjon

Ferieavvikling for born

- Borna skal sikrast 4 veker ferie kvart barnehageår.
- Minimum 3 av desse vekene skal vera samanhengande i løpet av året.
- Den 4. veka er dei 5 planleggingsdagane vi har, då er barnehagen stengt.
- Masfjordbarnehagane har sommarstengt minimum 1 veke (inntil 3 veker).

Matsservering

Frukost: Kl. 08.00 - 08.30.

Barna tek med niste, barnehagen serverer mjølk og vatn. Kl. 08.30 vert frukosten rydda.

Lunsj: Ca. kl. 10.45.

Barnehagen serverer brødsriver eller varm mat, samt drikke

Fruktmåltid: Ca. kl. 14.00.

Barnehagen serverer frukt, knekkebrød/brødsriver med pålegg og drikke.



Trafikksikker kommune

Masfjorden kommune er ein trafikksikker kommune. Barnehagen forpliktar seg til å ha trafikksikring på agendaen i løpet av barnehageåret, både opp mot barn, foreldre og tilsette.

Det er utarbeida skriftlege rutinar for korleis ein skal arbeide med dette gjennom barnehageåret. Både når det gjeld ferdsel langs veg og i køyretøy.

Les meir om trafikksikker kommune og kriterier her:

<https://www.masfjorden.kommune.no/aktuelt/nyheiter/trafikksikker-kommune/>



Foreldresamarbeid

Foreldre og barnehagen sine tilsette har eit felles ansvar for barna sin trivsel og utvikling. Det daglege samarbeidet mellom heim og barnehage må byggja på gjensidig openheit og tillit. Barnehagen skal leggja til rette for foreldresamarbeid og god dialog med foreldra. Foreldresamarbeidet skal skje både på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål, og foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.

Vi samarbeider:

- dagleg i levering- og hentesituasjonar
- gjennom 2 foreldresamtalar i året
- ved 2 foreldremøte i året
- via informasjon gjennom Vigilo, oppslag i garderobe, e-post ,brev, osb.
- gjennom ulike arrangement som basar, foreldrecaffi/foreldrefrukost, osb..

Barnehagen forventar at de som foreldre:

- ♥ gjer dykk kjende med innhaldet i Årsplanen, les vekeplanar og annan informasjon frå barnehagen.
- ♥ set av tid til foreldresamtalar, foreldremøter og andre arrangement i barnehagen.
- ♥ svarar på brukarundersøkingar då dette er ein viktig del av vurderingsgrunnlaget for arbeidet vårt.
- ♥ aktivt brukar dokumentasjonen på veggane våre
- ♥ held orden i barnet si garderobehylle og skuffer, og merkar klede som barnet har med til barnehagen.
- ♥ aktivt brukar VIGILO, held dykk oppdatert om informasjon som vert lagt ut der og melder frå til barnehagen (i Vigilo) når barnet har fri, er sjukt eller blir levert etter kl. 09.00.

Foreldresamarbeid

FAU - Foreldrerådet sitt arbeidsutval

Alle foreldre til barn i Sandnes barnehage er medlem av foreldrerådet. På det første foreldremøte om hausten vel vi éin representant frå kvar avdeling til FAU + to vararepresentantar. FAU vel så ein leiar, som vert foreldrerådet sin representant i samarbeidsutvalet (SU) i barnehagen.

FAU er foreldre sitt talerøyr og deira synspunkt skal bli høyrte og tatt omsyn til. I saker som omhandlar barnehagens verksemd, vurdering, endring og utvikling, tar foreldre kontakt med FAU for å fremje saka. FAU kan òg sjølv ta initiativ til oppgåver og dei kan sende saker til SU. FAU behandlar saker som angår heile barnehagen, saker knytt til enkeltbarn skal takast opp med pedagogisk leiar eller styrar. FAU er også aktive i høve tema på foreldremøte og arrangement i barnehagen. Styrar og FAU-leiar har fortlaupande kontakt gjennom året.

SU - Samarbeidsutval

I SU er det 1 representant frå foreldre (FAU-leiar), 1 representant frå dei tilsette og 1 representant frå barnehageeigar. Sistnemnde er politisk vald for Masfjorden kommune. Styrar er sekretær i SU.

Samarbeidsutvalet skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ som skal vera med å drøfte barnehagen sitt ideelle grunnlag. Utvalet skal uttale seg i saker som har betydning for innhaldet i barnehagen og tilhøva til foreldre.





FAU og SU 2023 - 2024

FAU		
Avdeling:	Namn:	Namn vara:
Sønnavind	Synne Kristin Søvde Holmaas	Helen Andvik
Blesten:	Kristin Andvik Haugsdal	Elise Kvamme Andersen
Nordavind	Martin Dahl	Mariann Fløtre Andvik
FAU-leiar		

SU		
Representanter	Namn:	Namn vara:
Foreldrerepresentant og SU-leiar:	Martin Dahl	?
Representant tilsette:	Lene Kvinge Tvedt	Line Bauge
Representant barnehageeigar:	(2024-2028)	(2024-2028)
Styrrar/skrivar	Åshild Skuggedal	

Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som treng ekstra støtte



«Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidlig får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbud. Tilrettelegginga skal vurderast undervegs og justerast i tråd med behova og utviklinga til barnet».

«Dersom det er grunn til å tru at barnet ikkje kan få dekt behova sine innafor det allmennpedagogiske tilbudet, skal barnehagen opplysa foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp.»

Rammeplan for barnehagen, side 40

Masfjordbarnehagane har eit tett samarbeid med instansar som helsestasjonen, barnevernet og PPT. Vi har låg terskel for å rådføre oss med dei dersom vi ser at våre tiltak ikkje strekk til for å gje eit godt nok tilbud.

«De utrolige årene» - DUÅ

I 2017 starta Masfjorden kommune opp med skule- og barnehageprogrammet til «De utrolige årene», forkorta til DUÅ.

DUÅ handlar om å tileigne seg sosial kompetanse for danning av positiv åtferd og rettar fokus på korleis **vi vaksne** kan skape gode, positive relasjonar med barna, samt eit godt samarbeid mellom barnehage og heim.

Alle faste tilsette i Sandnes barnehage har gjennomført kurs i DUÅ og fått auka kompetanse i gruppeleiing, positiv relasjonsbygging, proaktive tilnærmingar, motivasjonssystem, utviklingsplanar og problemløysingsstrategiar.

Oppmerksomhets- prinsippet:

*"Det du gir
oppmerksomhet til blir
det mer av, - uansett!"*



DUÅ er eit viktig reiskap i barnehagekvardagen vår. For barn som øver seg på noko dei opplever som vanskeleg, eller syner ei utfordrande åtferd, utarbeider vi utviklingsplanar saman med føresette. Planane hjelper oss med å stimulere til endring og å kome barnet i forkjøpet av handlinga. Ros og oppmuntring vil være vesentleg for stimulering av positiv åtferd.

I det daglege arbeidet vårt legg vi vekt på å bygge gode relasjonar til born og foreldre. Vi jobbar proaktivt, dvs. at vi gjer grep i høve til barnegruppa og enkeltborn i forkant slik at vi kan unngå unødige konfliktrar. For å oppnå gode relasjonar må vi vaksne vera med borna *der dei er*. Dette er òg viktig for å byggje venskap og unngå mobbing.

DUÅ og positive relasjonar

Relasjonskonto

I barnehagen jobbar vi heile tida med å fylle på relasjonskontoen til borna. Vi tenkjer oss at dette er ein sparegris som vi skal fylle på med gode relasjonar som: å bry seg, leike, snakke, vise ømheit, støtte, vise sympati, gje oppmuntring, problemløysing, omsorg osv.

For kvar gong vi tar ut av denne kontoen t.d. ved konflikhtar og ueinigheit må vi fylle på med 5 gode relasjonar. (5:1 prinsippet)

For å få andre tiltak til å virke, trenger vi en god relasjon



Husk å fylle inn på relasjonskontoen hver eneste dag

Rollemodellar

Vi vaksne skal vera gode rollemodellar for borna. Born kopierer og tar etter åtferd som blir modellert av verdifulle vaksne. Dette kan gå på språk, korleis vi er saman med andre, korleis vi sit ved bordet osv. *Den åtferda vi vil ha meir av, må vi gje mykje merksemd.* Vi brukar mykje ros gjennom ord, men og ved hjelp av non-verbale signal. Vi viser omsorg, vi deler gleder og sorger, vi ler og brukar humor.




DUÅ – systematisk arbeid

Vi arbeider systematisk med DUÅ gjennom heile året. Vi held fokus på ulike emne som er sett opp på førehand. Gjennom ukeplanane vil de få nærare informasjon om kva dei ulike avdelingane har fokus på.

Tema i DUÅ er:

- ❖ Bygge relasjonar
- ❖ Å vere proaktiv
- ❖ Å fremje god åtferd
- ❖ Bruk av belønning
- ❖ Å takle dårleg åtferd
- ❖ Å lære problemløysing
- ❖ Å skaffe seg vener
- ❖ Lære å handtere kjensler



LÆRINGSPYRAMIDEN™

Barnehagen som pedagogisk verksemd

Barnehagen skal vera ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast.

Målet med å vera ei pedagogisk verksemd er å gje borna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelov og rammeplan. For å oppnå dette må barnehagen vera ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vera forankra i barnehagelova og rammeplan



Arbeidsmåttane våre som pedagogisk verksemd er:

- Å ta utgangspunkt i barnas erfaringar, interesser, synspunkt og initiativ
- Å byggje på kreativitet og leik og er open for improvisasjon og barns medverknad
- Å veksle mellom spontane og planlagde aktivitetar
- Å stimulere barna si undring og evne til å stille spørsmål, søke opplevingar, ta initiativ og meistre nye ting
- Å gi barna varierte inntrykk og moglegheit til å uttrykke seg på ulike måtar
- Å arbeide tverrfagleg og heilskapleg og sjå dei ulike delane i rammeplanen i samanheng
- Å inkludere nærmiljøet og lokale tilhøve ved planlegging og gjennomføring av aktivitetar
- Å vurdere jamleg om val av arbeidsmåtar bidreg til å realisere rammeplanen


Planlegging

Slik jobbar vi med planlegging:

Alle tilsette har plantid kvar veke der dei planlegg og legg til rette for pedagogiske aktivitetar ut frå rammeplan, årsplan, progresjonsplanar og årshjul. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for kvart einskilt barn og for barnegruppa.

Alle dei tilsette planlegg i det digitale planleggingsverktøyet Vigilo, og vi skildrar her mål, innhald og metode for det vi skal gjere. Planlegginga skal vera basert på kunnskap om trivselen til barn og den allsidige utviklinga deira, både individuelt og i gruppa. Planlegginga skal og vera basert på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre.

I etterkant av aktivitet vert det skrive sluttrapport, på denne måten får vi fortløpande evaluert og vurdert praksisen vår.



Vurdering

Slik jobbar vi med vurdering:

Barnehagen skal jamleg vurdere det pedagogiske arbeidet sitt. I Masfjordbarnehagane vert det kvart år utarbeidd ein eigen årsplan for kva områder ein skal vurdere. Heile personalgruppa skal vera involvert i vurderingsarbeidet (sjå plan for vurdering).

Kvaliteten i det daglege samspelet mellom menneska i barnehagen er viktig for trivsel, utvikling og læring hjå barna. For å sikre kvalitetsutvikling, og at vi jobbar i tråd med lov og rammeplan, vurderer vi arbeidet vårt på ulike måtar:

- Eigenvurderingsskjema frå Udir
- Pedagogisk dokumentasjon som reiskap til vurdering.
- Observasjonar og observasjonsskjema som sikrar utviklinga til kvart einskild barn og til barnegruppa. Desse vert nytta i planleggingsarbeidet for å sjå kva behov som ligg hjå kvart einskild barn og i gruppa.

Praksisforteljingar

Praksisforteljingar er svært viktig for vurdering av samspelet mellom menneska i barnehagen. Alle dei tilsette er ansvarlege for å skrive ned episodar frå dagleglivet og legge dei fram i avdelingsmøta. Her vert forteljingane grunnlaget for vurdering av praksisen vår.



Plan for vurdering

Kven	Kva skal vurderast	Kvifor	Korleis	Når
Born	Barnehagekvardagen	Borna skal ha reell medverknad og oppleve å verte sett og høyrd	Dagleg samtale og tilbakemelding frå borna Arbeide med tankekart Barnesamtale med dei eldste	Gjennomgåande Ved start av nye tema/prosjekt I løpet av året
Foreldre	Barnehagekvardagen	Dei skal kjenne at barnet deira trivast og vert ivareteke på ein god måte	Gjennom foreldresamtale Brukarundersøking Dagleg kontakt og Vigilo	To gonger årleg Annakvart år Gjennomgåande
FAU/SU	Barnehagen sitt verdigrunnlag	Sikre at me driv i samsvar med lova § 1 og 2	Gjennom SU og FAU	Jamlege møte
Personale	Barnehagekvardagen RAMMEPLAN Vaksenrolla	For å sikre kvaliteten på barnehage-tilbodet me gjev til barn og foreldre For å sjekke ut korleis me har implementert dette i kvardagen vår For å sjekke ut korleis me utøver denne i kvardagen vår	Vernerunde Ståstadsanalysen for barnehagar Gruppearbeid	Kvart år i februar Personal møte i februar Personal møte vår
Eigar	At barnehagen vert driven i samsvar med lov	Kommunen sitt ansvar	Tilsyn	Minimum kvart 4. år

Dokumentasjon

Dokumentasjon skal gje informasjon til foreldre og barnehageeigar om kva borna opplever, lærer og gjer i barnehagen.



Det vi gjer skal vera knytt opp mot mål i Rammeplan og Årsplan og dette ynskjer vi å få fram gjennom dokumentasjonen vår.

Dokumentasjonen skal danne grunnlag for refleksjon og vurdering slik at vi kan få til kvalitetsutvikling og sikre at verdigrunnlaget og oppgåvene til barnehagen vert ivaretekne på ein god måte.

Dokumentasjonsmåtane våre er:

Alle dei planlagde aktivitetane vert lagra i **Vigilo**. Mange av sluttrapportane, både med og utan bilete, vert publiserte slik at foreldra får tilgang til dei.

Utstillingar – vi heng opp produkt og arbeid knytt til tema på avdelingane.

Kartleggingsmateriala våre er:

Alle med – eit observasjonsskjema som gjev oss kunnskap om kvart enkelt barn og deira trong for pedagogisk tilrettelegging.

TRAS – eit observasjonsskjema for tidleg registrering av språkutvikling. Dette brukar vi etter behov.

MIO – eit observasjonsskjema som skal støtte arbeidet med matematikken i rammeplanen. Alle desse skjema vert lagra i arkiv og vert makulerte når barnet sluttar i barnehagen.

Progresjon

Progresjon i barnehagen inneber at alle barn skal utvikle seg og få oppleve læring og framgang.

Masfjordbarnehagane har utarbeidd progresjonsplanar for dei sju fagområda i rammeplanen. Når vi planlegg utifrå desse, sikrar vi at vi heile tida kan legge til rette for at borna får utvikle seg, lære og å oppleve framgang i løpet av barnehagetida.

Progresjonsplanane skal tilpassast ny rammeplan i løpet av dei to kommande åra.



Vi skal

- ✓ oppdage, følgje opp og utvide det barna allereie er oppteken av.
- ✓ planlegge barnehagens innhald og leggja til rette for progresjon for alle barn
- ✓ bidra til at barna får oppleva meistring og samstundes ha noko å strekke seg etter
- ✓ legge til rette for fordjuping, gjenkjenning og gjentakning i barnehagens innhald og arbeidsmåtar
- ✓ introdusere nye perspektiv og leggja til rette for nye opplevingar og erfaringar
- ✓ sørge for progresjon gjennom bevisst bruk av materialar, bøker, leiker, verktøy og utstyr, samt gjere desse tilgjengelege for barna.

Satsingsområde 2022-2024

REKOMP
–
regional
ordning for
kompetanseutvikling
i barnehage!

Tema:
**«Språk og språkstimulering
gjennom digitale verktøy»**

Vi skal

- ✓ Samarbeide med NLA fram til mai 2024
- ✓ Utvikle vår pedagogiske praksis i samband med språk og digitalisering
- ✓ Auke kompetansen vår gjennom felles læring – ALLE skal med
- ✓ Leike, prøve ut og våge å feile!



Danning gjennom omsorg, leik og læring

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.»

(Barnehageloven §1 Formål, første ledd)

- slik jobbar vi:



Danning

Barnehagen skal oppmuntre borna til å vera prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. Barnehagen skal også fremje samhald og solidaritet, og bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet.

I vår barnehage jobbar vi med danning gjennom å:

- vera tydelege vaksne
- gje barna utfordringar
- gi barna sjansen til å utvikle kunnskap og ferdigheiter
- gi barna støtte til å handle omsorgsfullt og å gjere etisk grunngeevne val

Omsorg

Born har rett til omsorg og skal møtast med omsorg, nærleik og tillit. Ut frå alder og individuelle føresetnader skal borna i Sandnes barnehage bli møtte av lydhøre vaksne som har evne til innleving og vilje til samspel.

I vår barnehage jobbar vi med omsorg gjennom å;

- gje borna tryggleik
- vera vaksne som lyttar
- vera vaksne som er nær barna
- vise innleving og vera i samspel med borna.

forts. danning, omsorg, leik og læring



Leik

Leiken har ein svært sentral plass i vår barnehage, både i tid og rom. I leiken finn vi igjen alle fagområda.

Fordi...

- alle born leikar
- born har kompetanse og engasjement i leiken
- leik er ei læringsform
- leik fører til forståing og vennskap
- deltaking i leik skapar trivsel
- samhandling gjennom leik gjev grunnlag for læring av sosial kompetanse

...har leiken *verdi i seg sjølv!*

Enkelte barn har behov for ekstra hjelp og støtte for å komme inn i leiken. I Sandnes barnehage legg vi til rette for leikegrupper der vaksne kan vera støttespelarar for dei barna som treng det.

Læring

Læring skjer i det daglege samspelet med andre menneskjer og med miljøet rundt og barnehagen skal tilby borna eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barn er nysgjerrige og kunnskapstørste og lærer gjennom ALT dei opplever og erfarer på alle områder.

Gjennom å:

- la borna få god tid til å leike
- la borna vera aktive aktørar i ulike prosessar
- tilby varierte og utfordrande opplevingar
- la borna ta i bruk alle sansane sine
- leggje til rette for gode relasjonar i høve til andre menneske
- skapa rom for undring
- la borna oppleve glede og meistring
- la borna bruke kroppen sin
- fortelje og lese for dei
- formidle aktuell og relevant kunnskap

legg vi til rette for eit aktivt , trygt og utfordrande læringsmiljø.

Livsmeistring og helse

Samfunnet er i stadig endring og personalet i barnehagen skal leggje til rette for at barn skal meistre både dagen i dag og dagen i morgon.

Kva vil barn trenge for å oppleve at dei meistrer sitt eige liv i framtida?

- Ein kropp som fungerer best mogeleg
- God psykisk helse
- Å klare seg sjølv
- Å like seg sjølv
- Å regulere seg sjølv
- Å tåle motstand



Kva gjer vi?

- Vi vekslar mellom fysisk aktivitet og kvile, vi har faste måltider med sunn mat, vi er ute i frisk luft og skapar eit positivt og godt miljø rundt barna.
- Vi set ord på følelsar. (Psykologisk førstehjelp)
- Vi lar barna få tid og mogelegheit til å bli sjølvhjelpne ved å la dei få delta i kvardagsaktivitetar.
- Vi gir positive tilbakemeldingar på kven borna **er som person**, ikkje med fokus på prestasjonar.
- Vi lar barna få utvikle seg frå ytrestyrt til indrestyrt.
- Vi skal spørje meir enn vi fortel, og la barna få tid til å vurdere. Dersom barna skal lære å regulere seg sjølv, må vi ikkje avbryte før barnet får tid til å tenke sjølv.

Framtida vil bringe endringar med seg. Barn må lære å løyse utfordringar, tenke kritisk og gjere ting på nye måtar. Jo fleire gonger barn opplever at det nyttar å seie ifrå, dess betre vil dei tåle å stå i motgang som vaksen.

Barnehagen si digitale praksis



Den digitale praksisen til barnehagen skal bidra til lek, kreativitet og læring. Bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet støttar opp om barna sine læreprosessar og bidreg til eit allsidig læringsmiljø for alle barn.

I samband med bruk av digitale verktøy i barnehagen **skal personalet vere aktive saman med barna**. Verktøya skal brukast med omhug og ikkje dominere som arbeidsmåte.

Barnehagen sine digitale verktøy består av interaktive tavler, nettbrett og smart telefonar. Dei vert alle nytta til å gjere barna kjent med den digitale verda gjennom:

- pedagogiske spel
- språkarbeid
- musikk/film
- søkje svar på det vi undrar oss over

VIGILO

Vigilo er Masfjordbarnehagane sitt administrative system og tilbyr blant anna ei kommunikasjonsløyning mellom barnehagen og føresette. Løysinga samlar, forbetrar og forenkler kvardagen for dei tilsette, samstundes som det gir foreldra eit godt innblikk i barnet sin kvardag.

På kvar avdeling har vi iPad og mobil der vi sjekkar barna inn og ut, held oss oppdatert på beskjedar frå føresette, lagar dags/sluttrapportar og legg inn bilete i barna sitt arkiv.

Pedagogiske planar vert laga i planleggingstidene til dei tilsette og når vi planlegg ulike aktivitetar skildrar vi mål, innhald og metode for det vi skal gjere saman med barna.

Foreldra sender meldingar til barnehagen og registrerer fråvær på barna i Vigilo. Verktøyet gjer til at barnehagekvardagen på denne måten er meir oversikteleg for dei tilsette barnehagen.

Barnas medverknad

At barna får medverke i sin eigen kvardag handlar om å ta barn på alvor. Det betyr ikkje at alt dei uttrykkjer alltid kan gjennomførast, men dei skal få vera med i prosessen med planlegging og evaluering.

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen, jf. Barnehagelova §1 og §3, Grunnlova §104 og FNs barnekonvensjon art.12 nr. 1. Ein skal vektleggja synspunkta til barna i samsvar med alder og modenskap. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta.

Rammeplan for barnehagen, s. 27

Gjennom å få medverke i kvardagen skal barna få erfare dette om seg sjølv:

- Eg er ein det er verd å lytte til
- Eg har tankar, idear og initiativ som er interessante for andre.
- Eg har noko å gje til andre, dei likar meg.

I Sandnes barnehage vert barna sin medverknad mellom anna ivaretatt gjennom:

- Val av aktivitetar
- Vaksne som møter barna på deira interesser
- Bruk av tankekart der barna sine innspel vert utgangspunkt for vidare fokus i samband med tema
- Samtalar med enkeltbarn om korleis dei har det i barnehagen
- Evaluering og samtalestunder saman med barna knytt til tema vi har arbeidd med.
- Eit godt, dagleg samspel mellom barn og vaksne.
- Vaksne som er gode til å lese kva barna vil formidle gjennom mimikk og kroppsspråk
- Born som får delta/hjelpe til i daglege praktiske gjeremål.



Språkarbeid i barnehagen

Kommunikasjon går føre seg i eit vekselspel mellom å ta i mot og tolke eit budskap og sjølv være avsendar av eit budskap. Vi skal gi barna varierte og positive erfaringar ved å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne tankar og følelsar.

Å lære språket er noko av det viktigaste som skjer i barna sine liv. Gjennom språket lærer vi å forstå verda og vi får aukande innsikt i oss sjølv. Språket er avgjerande for den intellektuelle, emosjonelle og sosiale utviklinga. Den grunnleggjande språkutviklinga skjer i barnehagealder.

Språket gir identitet og tilhøyrse. Vi skal oppmuntre alle barn, også dei med to- eller fleispråkleg bakgrunn, til å være språkleg aktive. Vi skal gi dei erfaringar som bidreg til ei auka omgrepsforståing og utvidar det norske ordforrådet. «Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling» (RP 2017).

Mål: Barna skal lære å kommunisere verbalt og nonverbalt.

For å arbeide i retning av målet vil personalet:

- Lytte og samtale med barna, gi respons og være bevisst eige kroppsspråk.
- Observere
- Gjere borna kjent med litteratur, songar, historier
- Bruke rim og reglar
- Gjenta lydar riktig og omtale gjenstandar og situasjonar med rett namn
- Leggje til rette for leik, ulike formar for leik stimulerer ulike sider ved språkutviklinga.

Vi nyttar òg biblioteket og låner bøker saman med barna.



Sosial kompetanse i barnehagen

Sosial kompetanse handlar om å samhandle positivt med andre i ulike situasjonar. Barna sin sosiale kompetanse blir utvikla gjennom samspel, handlingar og opplevingar gjennom dagen og vert spegla att i barna sine evner til å ta initiativ og til å halde på venskap.

Barnehagen er ofte den første sosialiseringsarenaen borna møter utanfor heimen. Kjensla av å høyre til og å vera inkludert er ein føresetnad for trivsel. Alle barn i barnehagen skal kunne erfare å vera viktige for fellesskapet og vera i positivt samspel med andre barn og vaksne. Arbeidet med venskap blir ein viktig del og har ein verdi i seg sjølv. På same tid har det ein førebyggjande effekt i høve til mobbing.

«Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av venskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine egne behov og å ta omsyn til andre sine behov» (RP 2017).



Sosial kompetanse

I arbeidet med sosial kompetanse jobbar vi med hovudfokus på prosessmåla empati, samarbeidsevne, ansvar, sjølvregulering, sjølvhevding og respekt med følgjande undertema:

Empati

- Medkjensle
- Trøyste, hjelpe og rose
- Setje ord på eigne kjensler
- Kunne tolke andre sine kjensler

Samarbeidsevne

- Positiv samhandling med andre barn
- Leike med andre
- Delta i regelstyrt leik
- Komme med eigne innspel
- Lytte til innspel frå andre
- Ta kontakt
- Oppretthalde kontakt

Ansvar

- Motta og gjennomføre beskjedar
- Bli meir sjølvstendige og ta ansvar i kvardagssituasjonar
- Lære skilnad på inne- og utestemme
- Samværsreglar
- Sei i frå til ein vaksen om nokon treng hjelp

Sjølvregulering

- Utvikle sjølvkontroll i ulike situasjonar, til dømes tur-taking
- Vise akseptable kjensleuttrykk

Sjølvhevding og respekt

- Barna skal få ei oppleving av sjølvhevding gjennom deltaking i kvardagssituasjonar
- Vise og oppleve respekt for andre menneske
- Kunne hevde seg sjølv utan å «trakke» på andre
- Tore å ha fokus på seg
- Å kunne protestere, argumentere og hevde eigne synspunkt
- Helse når vi kjem og går heim
- Rette seg etter reglar og beskjedar

Overgangar

Tilvenning

Å byrje i barnehagen er ein stor overgang for barnet og i samarbeid med føresette skal barnehagen skape ein god og trygg barnehagestart for barnet. Barnehagen har ansvaret for å legge til rette ved å organisere kvardagen slik at rutinar, rom og tid vert tilpassa barna og deira behov. Både forskning og erfaringar peikar på viktigheita av å bruke tid på tilvenninga og generelt treng yngre barn lenger tilvenningstid. Det er viktig at den føresette som følgjer barnet set av god tid i oppstarten og er lett tilgjengeleg den første tida. For å få ein best mogleg overgangen må det vere tett dialog mellom barnehage og heim slik at individuelle tilpassingar kan gjerast.

Innad i barnehagen

Personalet skal sørge for at barn og foreldre får tid og rom til å bli kjent med barna og personalet når de byter avdeling (RP2017).

I Sandnes barnehage besøker barnet den nye avdelinga ved fleire høve før overgangen. Dette gjer vi for at det skal være trygt for dei små å starte på stor avdeling.



Overgangar

Skule

Barnehagen skal i samarbeid med føresette og skulen leggje til rette for at barna får ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og eventuelt SFO. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner (RP-2017).

Sørsida oppvekstområde har egne rutinar for samarbeid rundt skulestart for dei eldste barna i barnehagen. Vi utvekslar informasjon til skulen etter samtykke frå foreldra.



Mål:

Gjere overgangen trygg slik at borna får ein god start på skuleløpet og leggje grunnlaget for eit trygt og godt læringsmiljø.

- Planen er eit dokument som inneheld eit oversyn over samarbeid, aktivitetar, ansvarlege m.m. det siste året før skulestart. Planen skal reviderast.
- Det vert laga eigen årsplan for aktivitetane førskuleborna , 1.klasse og ev. fadrane skal ha saman etter jul. Denne får de foreldre i løpet av hausten.
- Det siste barnehageåret har førskulebarna skrivedans i barnehagen. Skrivedans handlar ikkje om bokstavinnlæring, men er eit skriveførebuande program som tar store bevegelsar ned til små bevegelsar, og på denne måten utviklar barnas finmotorikk og blyantgrep. Alle bevegelsane skjer til musikk.
- Førskulebarna har felles bading på Matre saman med dei andre førskulebarna i kommunen. Badinga går føre seg i perioden frå veke 42 til veke 14 og barna får høve til å bli litt kjent på tvers av barnehagane siste året før skulestart.

Plan for overgang mellom barnehage og skule

TID	TILTAK	ANSVARLEG
Oktober	❖ Kontaktlærer i 1.klasse og pedagogisk leiar i barnehagen har samarbeidsmøter der dei utarbeidar årsplan for samarbeidet dette året.	Pedagogisk leiar og kontaktlærer. Rektor og styrar deltek på det fyrste møte.
Gjennomgåande september/oktober	❖ For born med særskilte behov bør det vera kontakt mellom barnehage og skule heile siste året før skulestart	Styrar og pedagogisk leiar
Januar	❖ Ein startar opp med fellesaktivitetar	Pedagogisk leiar og kontaktlærer
Februar/Mars	❖ Innskriving på skulen - rektor sender ut invitasjon	Rektor
April/mai	❖ Gjennom foreldresamtale vert foreldre gjort kjent med alle opplysningar om sitt barn og gjev skriftleg samtykke til kva som kan overleverast til skulen	Styrar og pedagogisk leiar
Mai	❖ Det vert sendt ut velkomstbrev i forkant av førskuledagane	Rektor og kontaktlærer
Mai/Juni	❖ Overgangssamtale for alle borna før eller etter førskuledagane	Styrar, kontaktlærer og pedagogisk leiar. Rektor deltek ved behov.
Mai/Juni	❖ Førskuledagar Personale frå barnehagen vert med ved behov ❖ Foreldremøte med rektor	Rektor og kontaktlærer
Juli/August	❖ Det vert sendt ut eige velkomstbrev i forkant av skulestart	Rektor og kontaktlærer
August/September	❖ Ved behov er det kontakt mellom skule og barnehage også etter skulestart	Kontaktlærer

Samarbeid med andre instansar

For å skape gode oppvekstvilkår og gje eit heilskapleg tilbod til born og foreldre i kommunen vår, er det naudsynt at vi i barnehagen samarbeider med andre tenester og institusjonar. Det kan til dømes vere behov for samarbeid med ulike hjelpeinstansar. Ved samarbeid må vi følgje føresegnene om teie- og opplysningsplikt.

Grunnskulen

Vi er fysisk nær knytt til Sandnes skule, og samarbeider om konsertar, teaterframsyningar, utedagar og andre aktuelle saker. I tillegg brukar vi gymsalen og uteområdet regelmessig. Resultatet er at borna opplever ein nær samanheng mellom barnehagen og skulen.

Sjå og plan for overgang barnehage/skule som er utarbeidd i samarbeid med skulen.

Oppvekstteam

Barnehagen er med i **oppvekstteamet** i kommunen. Oppvekstteamet er samansett av helsesøster, PPT og barnevern. Her kan barnehagen melde inn saker anonymt som kan drøftast med Oppvekstteamet.

I saker som gjeld einskildborn skal foreldre gje samtykkje og ha høve til å vere med i møte om dei ynskjer det.

Barneverntenesta

Hovudoppgåva til barneverntenesta er å sikre at born som lever under tilhøve som kan skade helsa og utviklinga deira skal få naudsynt hjelp og omsorg. Barnehageplass er eit av tiltaka som barnevernet nyttar seg av. Ved slike høve er det viktig med eit godt samarbeid mellom dei to instansane. Barnehagepersonalet har opplysningsplikt til barnevernet

forts. samarbeid med andre instansar

Helsestasjon

Vi har samarbeid med helsestasjon i enkeltsaker og helsestasjonen bidreg òg med råd og rettleiing om kosthald, handtering av medisin, smittevern o.a.

PP-tenesta (pedagogisk-psykologiske teneste)

Born under opplæringspliktig alder som har behov for spesialpedagogisk hjelp etter §19 a-h i Barnehagelova, kan få slik hjelp i barnehagen.

Det er PP-tenesta som gjev ei sakkyndig vurdering om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp.

PP-tenesta gjev også råd og rettleiing til barnehagen.

PP-tenesta i Masfjorden har logoped.

Nordhordland Kursregion

Masfjorden kommune er medlem i Nordhordland Kursregion (NKR) som er samansett av alle kommunane i Nordhordland medrekna Osterøy. NKR har som mål å arbeide for kompetanseutvikling for alle tilsette i barnehage og skule.

Andre samarbeidspartar

- Indre Masfjorden barnehage
- Nordbygda barnehage
- Biblioteket
- Lokale bondegardar
- Arbeidsplassar til foreldre
- Kyrkja

Vi ønskjer å vere ein barnehage som er synleg i lokalmiljøet og som vert opplevd som eit positivt bidrag til oppvekstkrinsen!

Sandnes barnehage som kulturarena

Barnehagen sine tradisjonar	
August	Tilvenning av nye barn
September	Tilvenning
Oktober	Solidaritetsaksjon (t.d. FORUT) – nokre år avvikla på nyåret
November	Solidaritetsaksjon m/ kafe som avslutning
Desember	Nissefest, Lucia
Januar	
Februar	Samefolkets dag Karneval
Mars	Barnehagedagen, påske
April	Påske
Mai	Førebuing av nasjonaldagen
Juni	Sommarfest
Juli	Sommarferie

Kultur handlar om arv og tradisjonar, men og om kreativitet og nyskaping. Vi ønskjer at både nasjonale og lokale kulturverdiar skal vera representerte i barnehagen vår og vi vil vere opne for impulsar frå den globale verda.

Vi barnehagen vil vi la barna få utvikle sin kulturelle identitet gjennom å vere bevisste vårt ansvar som kulturformidlarar og å la dei være aktive deltakarar. Dette gjer vi t.d. gjennom turar, song og musikk, bøker, eventyr, 17.mai-feiring, solidaritetsaksjon, Lucia-tog og matlaging m.m.

Bursdagsfeiringar blir feira med krone, bursdagssang og gåve frå bursdagskista. Sandnes barnehage ønskjer å avgrense inntak av sukker og i den samanheng serverer vi ikkje kaker o.l. Vi ber også om at barna ikkje har med seg liknande på dagen sin.

Årshjul og viktige datoar gjennom barnehageåret 2023/2024



ÅRSHJUL - ARBEID MED FAGOMRÅDA GJENNOM ÅRET

MÅNAD	FAGOMRÅDE/TEMA	DØME PÅ GJENNOMFØRING
AUGUST	TILVENNING	I august ønskjer vi nye barn og foreldre velkomen til barnehagen! Sentrale denne månaden står er tryggleik, relasjonsbygging og venskap.
SEPTEMBER OG OKTOBER	NÆRMILJØ OG SAMFUNN	«Meg sjølv» og familien min – bli kjent med kvarandre og nærmiljøet. Ha fokus på brannvern (veke 38) og trafikkopplæring. Barna skal få oppleve og erfare trafikkreglar for fotgjengarar og å nytta sansane i trafikken. Markere refleksdagen 19.oktober.
NOVEMBER	MENGD, ROM, OG FORM	Barna skal få oppleve glede ved å utforske tal, former og mengder.
DESEMBER	JUL	Juletradisjonar, julepynt, leikar, songar, julegåver og julekalender er stikkord for denne månaden. Vi markerer Lucia og har nissefest. Foreldrearrangement: utefrukost m/ julelystening 1.desember kl. 08.00.
JANUAR OG FEBRUAR	ETIKK, RELIGION, OG FILOSOFI FORUT KUNST, KULTUR, OG KREATIVITET KARNEVAL	Vi jobbar med verdiar og haldningar og skal reflektere rundt mangfaldet som omgir oss. Som avslutning på FORUT-arbeidet inviterer vi til FORUT-kafé torsdag 22.februar.Med fokus på skaparglede, fantasi og kreativ tenking skal barna få oppleve kunst og kultur og sjølv få uttrykke seg estetisk. Vi feirar karneval i barnehagen fredag 16.februar.
MARS OG APRIL	PÅSKE NATUR, MILJØ, OG TEKNOLOGI	Påskepynt, påskeegg og andre aktivitetar. Påskebuffet for barna fredag 22.mars. Vi skal oppleve og utforske naturen og naturens mangfald. Vi skal eksperimentere med naturen og de fysiske lovene. Vi har fokus på korleis vi kan ta vare på naturen og dyrelivet. Vi skal bruke ulike reiskapar og teknologi. Våren er på veg tilbake, vi ser på vårteikn.
MAI	KOMMUNIKASJON, SPRÅK, OG TEKST 17.MAI	Vi har fokus på song, dans, rim, reglar, forteljing, eventyr, tekst, kommunikasjon og samspel. Vi feirar 17.mai med tog, leikar, pølser og is.
JUNI	KROPP, RØRSLE, MAT, OG HELSE	Sommar, sol og uteleik. Vi legg vekt på at barna skal få utfalde seg fysisk i uteleiken med fokus på rørsleerfaring kroppskontroll. Vi har sommarfest og takkar av førskulebarna.
JULI	SOMMARBARNEHAGE/FERIETID	Det er ferietid og færre barn i barnehagen. Vi slår saman avdelingane og har fokus på fine turar og aktivitetar etter barnetal og alder.

Viktige datoar på Nordavind 2023 – 2024

August: 15. Planleggingsdag 16. Planleggingsdag	Februar: 2. Planleggingsdag 11. Morsdag ✓ Karneval
September:	Mars: 12. Barnehagedagen «Stedet mitt» 13. Philip 5 år 25. Inga 5 år 28. Skjærtorsdag 29. Langfredag
Oktober: 28. Ingeborg 4 år	April: 1. 2. påskedag 14. Ailin 5 år
November: 3. Planleggingsdag 12. Farsdag	Mai: 9. Kristi himmelfartsdag 10. Planleggingsdag 12. Andrid 6 år 17. Grunnlovsdag 20. 2.pinsedag 20. Ragnhild 6 år 26. Leander 5 år 26. Olivia 4 år
Desember: 24. Julaftan 20. Leon 5 år 31. Nyttårsaftan	Juni: 24. Trym 6 år
Januar: 1. Første nyttårsdag 19. Sebastian 6 år 28. Julia 6 år	Juli: Barnehagen blir sommarstengt i juli. Informasjon om kva veke(r) dette gjeld kjem vi tilbake til.

Viktige datoar på Blesten 2023 – 2024

August:

15. Planleggingsdag

16. Planleggingsdag

18. Ylva 3 år

24. Konrad 3 år

Februar:

2. Planleggingsdag

11. Morsdag

13. Mariell 3 år

✓ Karneval

September:

18. Anvilda 3 år

19. Sigrid 3 år

Mars:

12. Barnehagedagen «Stedet mitt»

28. Selma 3 år

28. Skjærtorsdag

29. Langfredag

Oktober:

April:

1. 2. påskedag

November:

3. Planleggingsdag

12. Farsdag

Mai:

9. Kristi himmelfartsdag

10. Planleggingsdag

10. Tiril 4 år

17. Grunnlovsdag

20. 2.pinsedag

Desember:

24. Julaftan

31. Nyttårsaftan

Juni:

25. Martin 3 år

Januar:

1. Første nyttårsdag

26. Daniel 3 år

Juli:

6. Gard-Henrik 4 år


17. Viljar 3 år

Barnehagen blir sommarstengt i juli.

Informasjon om kva veke(r) dette gjeld kjem vi tilbake til.

Viktige datoar på Sønnavind 2023 – 2024

August: 3. Elias 1 år 6. Saga 1 år 15. Planleggingsdag 16. Planleggingsdag	Februar: 1. Marta Sofie 2 år 2. Planleggingsdag 11. Morsdag ✓ Karneval
September:	Mars: 10. Helene 2 år 12. Barnehagedagen «Stedet mitt» 20. Ludvig 2 år 28. Skjærtorsdag 29. Langfredag
Oktober:	April: 1. 2. påskedag
November: 3. Planleggingsdag 12. Farsdag	Mai: 9. Kristi himmelfartsdag 10. Planleggingsdag 17. Grunnlovsdag 20. 2.pinsedag
Desember: 24. Julaftan 31. Sølve 2 år 31. Nyttårsaftan	Juni:
Januar: 1. Første nyttårsdag 28. Vilja 2 år	Juli: Barnehagen blir sommarstengt i juli. Informasjon om kva veke(r) dette gjeld kjem vi tilbake til.



Masfjorden kommune

Barnehagane

Sandnes barnehage

Styrar: Åshild Skuggedal

E-post: ashild.skuggedal@masfjorden.kommune.no

Telefon: 56 16 61 00

Indre Masfjorden barnehage

Styrar: Grethe Brekken Oppedal

E-post: grethe.brekken.oppedal@masfjorden.kommune.no

Telefon: 56 16 61 30

Nordbygda barnehage

Styrar: Maja Aven Dahle

E-post: maja.a.dahle@masfjorden.kommune.no

Telefon: 56 16 64 30